

## Nytt regionalt hamneselskap – fordeling av A-aksjar, verv og representasjon

### Fordeling av eigarskap og innskoten aksjekapital:

Med utgangspunkt i fordelinga av 50 % A-aksjar og 50 % B-aksjar i det nye selskapet, baserte den nedsette arbeidsgruppa seg i utgangspunktet på følgjande parameter ved utrekninga av omlandskommunanes innbyrdes eigardel i A-aksjane i selskapet:

- 1/3 vekting etter felles basis
- 1/3 vekting knytt til folketal pr. mai 2016
- 1/3 vekting knytt til anløpsavgifter i 2012-2015

Sjølv om folketalet i deltakarkommunane ikkje naudsynleg er relevant som parameter i denne samanheng, er det likevel konkludert med at folketalet ofte er ønskjeleg sett frå ein politisk ståstad. Tabellen under er eit produkt av dei nemnde variablane justert for ei noko meir pragmatisk tilnærming til eigarskapen i selskapet, og viser den endelege fordelinga av dei 5.000 A-aksjane i selskapet slik det kjem fram i intensjonsavtalen.

### % andel fordeling av A-aksjar:

Kommune	% andel
Lindås	16
Fjell	11
Øygarden	8
Askøy	5
Os	5
Meland	1
Radøy	1
Sund	1
Austrheim	1
Fedje	1
Sum	50

### 1) Valkomitee

Det bør etablerast ein valkomitee for A-aksjane i selskapet. Valkomiteen skal innstille møteleiar for generalforsamlinga og innstille nye styremedlemmar. Forslaget er at ein set saman ein valkomitee på 3 personar og at vi vel ein person frå kvar geografiske region. Det betyr følgjande:

- 1 person frå nord (Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje)
- 1 person frå vest (Sund, Fjell og Øygarden)
- 1 person frå midtre (Os og Askøy)

Det er formelt generalforsamlinga som skal velje valkomitee. Kandidatar til den første valkomiteen bør avklarast med ordførarar før den første generalforsamlinga. Forslaget er at ordførar i Lindås, Fjell og Os tar ein diskusjon med ordførarane i sin region og kjem med innspel på kven som skal inn i den første valkomiteen. Personar som skal inn i den valkomiteen bør avklarast formelt i den politiske saka om etablering av hamneselskap.

### 2) Møteleiar for generalforsamlinga

Aksjeklasse A har rett til å velje møteleiar på generalforsamlinga. Kvar kommune i aksjeklasse A har 1 representant i generalforsamlinga. Det blir valkomiteen si oppgåve å innstille på kven som skal vere møteleiar. Møteleiar blir velt frå den som har støtte frå majoriteten av eigarane etter avstemming på

generalforsamlinga. Framlegg til møteleiar på første generalforsamling bør vere avklart i den etablerte valkomiteen (punkt 1)

### **3) Prinsipp for val av styremedlemmar**

Det har vorte diskutert fleire modellar for styrerepresentasjon, både i forhold geografi og representasjon. Vi held på at vi må ha ein modell knytt til eigardel og representasjon, det er viktig at dei største eigarane i selskapet er representert i styret. A-aksjar skal vere representert med 4 styremedlemmar. Basert på reell eigardel for A-aksjar foreslår vi følgjande fordeling:

- Lindås/Fjell/Øygarden – 3 styremedlemmar (70% av A-aksjane)
- Sund/Askøy/Os/Radøy/Meland/Fedje og Austrheim – 1 styremedlem (30 % av A-aksjane)

Det er valkomiteen som skal innstille nye styremedlemmar og dei skal veljast på generalforsamling. Kommunane som har A-aksjar bør avklare sine styrekandidatar i den politiske saka om godkjenning av intensjonsavtale og vedtekter.